

## Kosar seg med mora

11.08.2009



Fire piggsvinungar ligg i lauvet og syg mora. Dei gjekk nesten i eitt med det brune lauvet. Augene er lettast å sjå. (Foto: Torfinn MYklebust).

**Enkelte meiner det i år vert sett fleire piggsvinungar enn dei siste åra. Det vert hevda at det triste synet med piggsvin som ligg overkjørte på riksvegen, finst oftare. Og kringom i ulike hagar vert piggsvin observert oftare - ja, opptil fleire om gongen. Helst i skumringa, men også på dag tid, har vi sett fleire på ein gong eta på brødskorper eller kosa seg saman.**

Og i eit uthus der det låg att noko lauv hadde ei piggsvinmor plassert seg med sine fire ungar.

Ungane låg og mata seg og saug mora delvis under det brune fjorårslauvet. Dei gjekk mest i eit med kvarandre og lauvet. Augene lyste i blitzlyset.

Har andre reagert på at det kanskje er fleire piggsvin i år? I såfall må vi gle oss!!

Av Torfinn Myklebust